

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2021

Høyringsuttale - Demografiutfordringar i distrikta (NOU 2020:15)

Forslag til vedtak

Vestland fylke har 35 kommunar med tilsaman 214 000 innbyggjarar som vi kan rekne som distriktskommunar innanfor den definisjonen som NOU 2020:15 *Det handler om Norge* legg til grunn. I 2040 vil det truleg bu mellom 207 000 og 211 000 innbyggjarar i desse kommunane. NOU 2020:15 er difor ei viktig utgreiing for fylket vårt.

- 1) NOU 2020:15 peiker på at det er behov for nytenking i distriktpolitikken (punkt 10.7, s. 195). Vestland fylkeskommune sluttar seg til dette og meiner at utgreiinga viser utviklingstrekk og utfordringar som er sentrale for utvikling av ei ny, samordna og framtidsretta distriktpolitikk.
- 2) Vestland fylkeskommune støtter oppretting av eit offentleg utval for utgreiing av inntektsgrunnlag for kommunane og grunnlaget for dei regionale tilskota, sett i lys av dei utfordringane som NOU 2020:15 trekk opp.
- 3) NOU 2020:15 peiker på behov for regional samordning og samarbeid (s. 14 og 193). Ved regionreforma pr 1.januar 2020, vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville tent på å ta dette forholdet med i framlegg til rammer for ein ny distriktpolitikk.
- 4) Vestland fylkeskommune sluttar seg til utvalet si tilråding om oppretting av eit program for utprøving av nye tiltak og vil peike på at i eit slikt program vil fylkeskommunen kunne ta ei koordinerande rolle som del av rettleingsansvaret knytt til plan- og bygningslova og innanfor rammene for den regionale samfunnsutviklarrolla.
- 5) Gjennom nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging har regjeringa bedt fylkeskommunar og kommunar om å sikre at FN sine berekraftsmål blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga gjennom:
 - a. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
 - b. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
 - c. Berekraftig areal- og transportutvikling
 - d. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Vestland fylkeskommune har lagt dette til grunn i vår regionale planstrategi *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.

Vestland fylkeskommune merkar seg at NOU 2020:15 også tek med berekraft som eit element både i tittel på rapporten og ved at berekraft blir nemnd i omtale av tema fleire stader i utgreiinga. Vi vil likevel peike på at ei klarare kopling mot FN sine berekraftsmål og samverke mellom dei tre dimensjonane som desse byggjar på (miljødimensjonen, økonomidimensjonen og den sosiale dimensjonen), vil kunne styrke utgreiinga og gi klarare retning for strategisk arbeid og planlegging ved utforming av ein ny distriktpolitikk.

- 6) Utgreiinga peiker på at sektorstyring og silotenking kombinert med digitalisering og spesialisering i sum har vore til ugunst for distrikta (s.15 og 190). Samstundes held utgreiinga fram digitalisering som viktig bidrag i utvikling av ein ny distriktpolitikk gjennom utvikling av nye teknologiske løysingar innanfor ei rekkjeviddeaukande modell (t.d. s.97). Utviklingsplan for *Vestland 2020-2024* har som mål 3 *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv*, med tilhøyrande strategi 3.3. *Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester*. Vestland fylkeskommune meiner at ein tydeleg definisjon av digitalisering som ikkje er avgrensa til digitale løysingar, men som legg vekt på digitalisering som verktøy for å tilpasse forvaltningsstrukturstruktur, organisering, arbeidsprosessar og tenesteyting, vil kunne bidra positivt i ein distriktpolitikk der mellom anna utflytting av statlege arbeidsplassar er ei målsetting.
- 7) Vestland fylkeskommune sluttar seg til utvalet si vurdering av vegbygging (for å binde saman regionar), utvikling av transporttilbod, utbygging av breiband og utvikling av digitale tenester som vesentlege element i ei rekkjeviddeaukande strategi (s. 97). Dette er utfordringar som er særleg tydelege i vårt fylke.
- 8) Vestland fylkeskommune vil gjere merksam på fylkeskommunane sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Eit viktig mål er å sikre betre tilgang på arbeidskraft som møter behovet i den regionale arbeidsmarknaden og vidareutviklar kompetansen til dei som er i arbeid. Dette skal skje i tett samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsinstitusjonane. Vi har etablert *Kompetanseforum Vestland* som samarbeidsorgan for kompetansearbeid i regionen. Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det regionale kompetansearbeidet og fylkeskommunen si rolle er teke inn i NOU 2020:15.
- 9) Vestland fylkeskommune meiner at fylkeskommunen sitt ansvar for dei vidaregåande skulane og vidaregåande opplæring si rolle i ei ny distriktpolitikk er for utydeleg i NOU 2020:15
- 10) Vestland fylkeskommune har merka seg at Kommunal og moderniseringsdepartementet i høyringsbrevet ber om innspel til tiltak som ikkje er inkludert i utgreiinga. Vi legg fylkesrådmannen si saksframstilling ved denne høyringsuttalen.

Samandrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt NOU 2020:15 *Det handler om Norge - Bærekraft i hele landet - Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene* på høyring med høyringsfrist 26.3.2021. Departementet ber eksplisitt berørte og interesserte aktørar om å vurdere utvalet sine anbefalingar. Utgreiinga er meint å svare på konsekvensane av demografiutfordringar i distrikta for statleg, kommunal og privat sektor, og kome med forslag til moglege løysingar. Fylkesrådmannen saknar det fylkeskommunale perspektivet, og foreslår ein del merknader i høyringsuttalen frå Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

- 1 Høyringsbrev - NOU 2020:15 Det handler om Norge
- 2 NOU 2020:15 Det handler om Norge - Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene
- 3 Høyringsinnspel - Trygg Trafikk
- 4 Høyringsinnspel - Stad kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

4. desember 2020 mottok Kommunal- og moderniseringsdepartementet NOU 2020:15: *Det handler om Norge - Bærekraft i hele landet* (sjå vedlegg 2). Utgreiinga er gjort av

demografiutfordringsutvalet, som hadde i oppgave å greie ut konsekvensane av demografiutfordringar i distrikta. Formålet med utgreiinga var å [sitat]:

- 1. få mer kunnskap om hvordan utviklingen mot økt andel eldre og færre i yrkesaktiv alder vil påvirke de mindre sentrale områdene av landet,*
- 2. få identifisert konsekvenser og utfordringer, særlig mht å opprettholde bærekraften i samfunnene, og*
- 3. få forslag til hvordan utfordringene kan bli møtt av myndigheter og private.*

Utvalet skulle [sitat]:

- 1. beskrive hvordan demografiutfordringene i de mindre sentrale områdene av landet vil påvirke og skape utfordringer for både kommunesektoren, staten og privat sektor. Utvalget skal også se på hvordan stat og kommune planlegger for demografiutfordringer i dag og styrker og svakheter ved dette.*
- 2. vurdere bruken og effekten av eksisterende virkemidler og tiltak, og om det er mulig å gjøre disse mer treffsikre for å møte de identifiserte utfordringene i pkt. 1. Utvalget skal også vurdere konsekvenser av demografiutfordringene innenfor strammere økonomiske rammer.*
- 3. foreslå nye løsninger som kan bidra til at innbyggerne i de mindre sentrale områdene har tilgang på offentlige og private tjenester, og at det finnes grunnlag for et verdiskapende næringsliv. Dette kan være løsninger innen enkeltsektorer, og også større strukturelle grep for levende lokalsamfunn.*

Utvalet stod fritt til å vurdere tema innanfor dei administrative og tidsmessige rammene for utvalet, men skulle særleg vurdere følgjande problemstillingar:

- Regjeringa ønsker levande lokalsamfunn og vekst i heile landet. Regjeringa vil stø opp om vidare vekst og sysselsetting i distrikta, og bidra til å sikre eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Det skal vere mogleg å leve gode liv, uansett kvar i Noreg ein bur.
- Aldring, med konsekvensar for velferdssamfunnets berekraft, tilgang på kvalifisert arbeidskraft både for offentlig og privat sektor, offentlege finansar, behovet og kapasiteten innan helse- og omsorgstenester, tilgang på bustadar for eldre.
- Utdanningskapasitet og desentralisert og distriktsvenleg utdanningstilbod for å rekruttere og halde ved like kompetanse.
- Auke problemforståinga om demografiutfordringar i distrikta.

Utvalet har levert ei rekkje (til dels samansette) tilrådingar. Departementet sendte utgreiinga på høyring 18. desember 2020 med spesifikt ønske om å få vurdering av utvalet sine tilrådingar (sjå vedlegg 3). Høyringsfrist er 26. mars 2021

Vedtakskompetanse

Reglement for fylkesutvalet punkt 7: *Fylkestutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale.*

Sakshandsaming

Høyringsuttalen er utarbeidd av strategisk utvikling og digitalisering, og alle avdelingar har gitt innspel.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Dette er ei utgreiing som er på høyring. Det er vanskeleg å sei noko konkret om kva konsekvensar utgreiinga samla sett vil gi for fylkeskommunen. Om NOU 2020:15 blir lagt til grunn for statleg distriktpolitikk vil den kunne få verknad på fylkeskommunen sin økonomi, spesielt på veg- og samferdslesektoren.

Klima:

Dette er ei utgreiing som er på høyring. Det er vanskeleg å sei noko konkret om kva konsekvensar utgreiinga samla sett vil gi for fylkeskommunen.

Folkehelse:

Dette er ei utgreiing som er på høyring. Det er vanskeleg å sei noko konkret om kva konsekvensar utgreiinga samla sett vil gi for fylkeskommunen. NOU 2020:15 kan ha positiv verknad på

livskvaliteten om den blir lagt til grunn for statleg distriktspolitikk, men det er fleire ukjente tilhøve som kan gi varierende utslag.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Det er ikkje teke omsyn til FN sine berekraftsmål i NOU 2020:15, og dei er ikkje nemnd. *Berekraft* er nemnd ei rekkje stadar, men dette handlar mest om grunnlaget for lokalsamfunna si eksistens. *Sosial berekraft* er ikkje nemnd direkte, men indirekte om nettverk og sosial kapital, sosial inkludering, stads- og miljøfaktorar, samskapingskommunen, teknologi og bustadformer som legg til rette for sosial kontakt, og aldring og befolkningsnedgang som «*kan tenkes å føre til en sosial og kulturell utarming av et stedssamfunn*» (s. 21). Utgreiinga kan få verknad på eventuell vidareføring av utviklingsplanen for Vestland sine mål inn i neste planperiode.

Konklusjon

Med definisjonen av distriktskommunar som er brukt i utgreiinga, er 35 av Vestland sine 43 kommunar å rekne som distriktskommunar, anten fordi dei er på sentralitetsnivå 5 eller 6, eller fordi dei er kommunar på nivå 4 med senterfunksjonar for kommunar på nivå 5 eller 6. Unntaka er Bergen og dei seks nærmaste kommunane, samt Sveio. På det tidspunktet utgreiinga vart levert, budde 214 000 av fylket sine 638 000 innbyggjarar i ei distriktskommune etter denne definisjonen. I 2040 vil det etter SSB si siste framskriving (2020) bu 211 000 innbyggjarar i distriktskommunane, og etter Vestland fylkeskommune si siste framskriving (2019) bu 207 000 i distriktskommunane i Vestland.

Utgreiinga skal svare på konsekvensane av demografiutfordringar i distrikta for statleg, kommunal og privat sektor, og kome med forslag til moglege løysingar. Fylkesrådmannen saknar det fylkeskommunale perspektivet, og er bekymra for kva moglegheiter fylkeskommunen har til å støtte kommunane i si distriktsutvikling dersom regjeringa vel å leggje demografiutfordringsutvalet sine tilrådingar i NOU 2020:15 til grunn for statleg distriktspolitikk.

Utover forslaget til vedtak, vil fylkesrådmannen gjere merksam på følgjande forhold:

Regional samordning og planlegging

Tilrådingane til utvalet byggjer på eit ambisjonsnivå utan rolle for fylkeskommunen. I sitt føretrekte scenario *Levende deler av et større norsk mangfold*, legg utvalet opp til ei [sitat]:

«distriktspolitisk innsats som videreutvikler særpregene og forskjellene mellom storby og småsamfunn og småsamfunnene imellom. Dette innebærer at distriktene ikke skal bli noen kopi av storbyene, men heller gjøre bostedsvalg til et valg mellom ulike typer tilværelser. Utvalget registrerer at det er stor variasjon i distriktskommuners tilnærming til utviklingen av sine lokalsamfunn, og at disse likner mer på dette scenarioet enn scenarioet om velfungerende distriktsbyer. Scenarioet krever heller ikke at det er vekst som er målet for utviklingen, men derimot det gode samfunnet» (s. 181).

Utvalet meiner at ambisjonsnivået for distrikta og distriktspolitikken framover [sitat]:

«krever at enkeltkommuner må ta ansvar for sin egen utvikling, basert på egne ressurser. Samtidig må staten opprettholde en politikk som støtter opp om gode liv også i distriktene. Dette krever økt oppmerksomhet om hvordan man kan utvikle gode løsninger på distriktenes premisser...» (s. 182).

«Det gode samfunnet» er eit viktig mål i folkehelsearbeidet, og ambisjonsnivået vil truleg kunne fungere i eit berekraftsperspektiv. Likevel ser fylkesrådmannen at regional planlegging og samordning kan bli svekka i eit slikt scenario, og stiller spørsmål ved kor berekraftig det i så fall vil vere. Utvalet har t.d. gått bort frå eit ambisjonsnivå der fylkeskommunane *har* verkemiddel: I scenarioet *Velfungerende distriktsbyer med uttynnet omland* skriv utvalet at:

«Dette er et scenario for å skape større regional balanse i landet gjennom satsing på velfungerende distriktsbyer med lokalisering av kunnskapsintensiv virksomhet. Scenarioet krever kraftig opptrapping av god lokal infrastruktur og aktiv satsing på utdannelses-, helse-, kultur- og offentlige jobbtillbud i distriktsbyene. Gode transportmuligheter gjør det mulig å bosette seg i distriktskommuner og pendle til byene, og økt bruk av personrettede tiltak vil gjøre det mer attraktivt å bosette seg desentralt. Scenarioet likner i stor grad på det som ble skissert som løsning på distriktenes utfordringer og regional balanse på 1960- og 1970-tallet, og som møtte stor motstand den gangen. For mange distriktskommuner vil det fremdeles være hipp som happ hvilken by som vokser, som alternativ til å vedlikeholde egne lokalsamfunn» (s. 181).

Fylkesrådmannen meiner at å leggje opp til ein distriktspolitikk som bryt med scenarioet om distriktsbyar òg bryt med den nyleg vedtekte utviklingsplanen for Vestland.

Utviklingsplanen har vore på brei høyring i Vestland, og er vedteke i fylkestinget. Etter fylkesrådmannen si meining er denne eit betre utgangspunkt for berekraftig distriktspolitikk enn kva demografiutfordringsutvalet har lagt til grunn i eit scenario der utvalet ikkje synast å ha teke stilling til plan- og samordningsutfordringane mellom kommunane.

Fylkesrådmannen ser gjerne at departementet ser til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (side 27) når dei skal vurdere forslaget til ambisjonsnivå for distriktspolitikken:

«Regional planlegging skal sikre ei samfunnsutvikling som utjamnar sosial ulikskap og styrker grunnlaget for vekst og gode kvardagsliv i heile fylket.

Det er ønskeleg å tilby service, handel og tenester nærast mogeleg innbyggjarane, både ut frå eit velferdssynspunkt og eit transportperspektiv. Samstundes skal det lokalt tilbodet ha kvalitet og vere effektivt. Ein senterstruktur med fylkessenter, regionsenter og lokalsenter som strategi for vekst gir grunnlag for ein god balanse mellom nærleik, kvalitet og effektivitet. Samlokalisering av ulike tenester er brukarvenleg, og gir fagleg støtte til tenesteytarane. Ein sterk Bergensregion og eit nettverk av regionsenter som drivkraft og knutepunkt i sitt omland er eitt ledd i å finne denne balansen.

Sterke og attraktive regionsenter er motorar i bustads-, arbeids-, og serviceregionane. Dei stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeide og bu i alle delar av fylket.

Ei satsing på regionsentera bidreg til arealeffektivitet, mindre byspreiing, reduserte klimagassutslipp, styrka grunnlag for verdiskaping og tilgjengelege tilbod og tenester også i dei mindre tettstadene. Alle innbyggjarar skal ha gode kvardagstilbod og tilgang til meir spesialiserte tilbod i rimeleg reiselengd.»

Fylkeskommunen si rolle

Fylkeskommunane er nemnd 30 gongar i utgreiinga (i tillegg til i fotnotar og referansar), men det meste av dette handlar om kommunal og fylkeskommunal økonomi, og samferdsel.

Fylkeskommunen som regionalutviklar er så vidt nemnt, det same er utvikling i elevtal på vidaregåande skole. Regional planstrategi har fått ein eigen boks, men berre som eit døme.

Fylkeskommunen som stønadsgivar er nemnd i ein boks om studiesenter.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er nemnd med ei setning:

«kommuneplanens samfunnsdel gir retning til lokalsamfunnsutviklingen og bidrar til at nasjonale og regionale mål tilpasses lokale forhold» (s. 79).

Fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle er berre nemnd ein stad: i samband med læringsnettverk for smart kollektivtransport i distriktsområde. Berre ein stad står det utdjupa noka om fylkeskommunen si rolle som regional utviklar:

«Fylkeskommunene fikk på 2000-tallet også en forsterket rolle som regional utviklingsaktør. De fikk et større ansvar for forvaltning av distrikts- og regionalpolitiske virkemidler (den smale distriktspolitikken). Dette var ledd i en regionalt tilpasset innsats basert på strategier forankret i regionale partnerskap» (s. 69).

Opplæring

Yrkesfag er nemnd fire stadar, *studiespesialisering* ein stad, og *vidaregåande opplæring* berre to stadar: den eine staden om at den brå nedgangen i unge vaksne i distriktskommunar har skapt utfordringar for skolestrukturen; den andre om opplæring i samisk. *Vidaregåande skole* er rett nok nemnd 12 stadar, men den distriktspolitiske rolla som vidaregåande skolar kan ha, er berre nemnd tre stadar: om spesiallinjer som tiltrekker seg elevar frå andre distrikt; om vidaregåande skolar som saman med distriktshøgskolar, universitet, sjukehus, kulturinstitusjonar og kortbaneflyplassar var viktige i utbygginga av velferdssektoren i distrikta; og om plassering av studiesenter i vidaregåande skolar.

Vekst og/eller utvikling av dei gode stadane

Fylkesrådmannen er einig i at det er fornuftig å gå bort frå vekstlogikken og utvikle dei gode stadane uavhengig av folkevekst, men tilrådingane som ligg i NOU 2020:15 er presenterte på bakgrunn av ei for svak utgreiing av verkemiddelbruken i stads- og regionutviklinga til at vi kan vere trygge på at tilrådingane har dei tilsikta verknadene. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil scenarioet utvalet byggjer sine tilrådingar på gi ei kostbar spreiding av ressursane til stadsutvikling som medfører manglande samordning og forringa kvalitet på tenestene innbyggjarane i distriktskommunane har behov for og krav på. Med regional koordinering og planlegging vil vi kunne leggje til rette for balansert stadsutvikling, både i grender, kommunesenter og regionsenter.

Merknader til tiltaka

Til tiltaka i NOU 2020:15 har fylkesrådmannen følgjande merknader i tillegg til det som kjem fram i forslaget til vedtaket:

10.3 Aldringen utfordrer alle kommuner og må håndteres gjennom felles nasjonal politikk

Eit offentleg utval som skal sjå på inntektssystemet for kommunane, inkludert grunnlaget for dei regionalpolitiske tilskota, bør vurdere om utgiftsutjamning og utgiftskorrigeringa bør omfatte fleire av oppgåvene kommunane har. Område som mellom anna kommunal veg, kultur og bustadsosiale forhold er ikkje omfatta, og også her er det truleg smådriftsulempar og kostnader som følger av lengre reiseavstandar som kommunane bør kompensere for. Lik fordeling av tenester og tilbod til innbyggjarar over heile landet er viktig for folkehelsa og vil kunne bidra til sosial utjamning.

Samarbeid mellom aktørane i regionale kompetanseforum kan bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft innan helse og omsorg.

10.4 Velfungerende bolig- og arbeidsmarkeder og infrastruktur som binder landet sammen

Fylkesrådmannen vil peike på rolla fylkeskommunane har og tar, som regional koordinator for stadutvikling og planlegging, både for heile fylket, men òg for regionar innafor fylket.

Fylkeskommunane legg til rette for samarbeid og utveksling, for å kunne dra nytte av regionale erfaringar og for auka felles forståing mellom kommunar og mellom offentlege og private aktørar.

Gode vegar er avgjerande for god nærings- og arbeidsmarknadsutvikling. Fylkesrådmannen sluttar seg til utvalet si presisering av at infrastruktur, og særleg vegnettet, er avgjerande for velfungerande distrikt og lokalsamfunn. Fylkesrådmannen stiller seg bak ei satsing på vegprosjekt som bind regionane tettare saman, og ser gjerne at fylkeskommunen blir meir involvert i NTP-prosessane ved å finne løysingar på regionale utfordringar. For å kunne lukkast, må dette følgjast opp med auka løyvingar til fylkesvegnettet - både for å ta att forfallet (etterslepet på fylkesvegar i Vestland er grovt rekna til 12-13 mrd. kr.), betre framkomme, auke trafikktryggleiken, og ha råd til evt. nye vegprosjekt som utvidar felles bu- og arbeidsregionar. Miljøvenlege reisemåtar må prioriterast også i distrikta, og det må etablerast ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy.

Ei meir strategisk bruk av fylkeskommunale bygg for å samle andre kompetansesarbeidsplassar som kan bidra til å forstørre arbeidsmarknadene er positivt.

Breiband av tilstrekkeleg kapasitet er naudsynt infrastruktur for gode tilbod og næringsutvikling. Det er av stor betydning at nettkapasiteten vert styrka slik at han ikkje er til hinder for etablering av nye arbeidsplassar.

10.5 Tiltak for utdanning og rekruttering av arbeidskraft i distriktene

Å fange opp og få oversikt over nærings- og arbeidslivet sine kompetansebehov er ei sentral oppgåve for fylkeskommunane. Det er viktig med et tett samarbeid mellom nærings- og arbeidslivet, utdanningsaktørar og regionale statlege aktørar med verkemiddel på feltet. Regionale kompetanseforum bør involverast i - og kan forankre - arbeidet med å sikre at utdanningsinstitusjonane tilbyr relevante fleksible og desentraliserte utdanningstilbod.

I kompetanseforum ligg moglegheiter til dialog rundt oppretting av tilbod i linjer (både i vgs og høgskole), og utdanning som gir arbeid der elevane og studentane bur. God dialog mellom fylkeskommune og universitet og høgskolar opnar for meir strategisk samlokalisering av utdannings- og studietilbod.

10.6 Tiltak som sørger for velfungerende tjenester i distriktene

Som fylkeskommune kan vi spesielt bidra til å utvikle og styrke *regionale* samarbeidsarenaer for utvikling, innovasjon og læring på tvers.

Midlane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett til distriktpolitiske formål er redusert frå 1,5 milliardar kroner i 2013 til under 200 millionar kroner i 2020. Samstundes som ein styrker kommunane sitt ansvar for lokal tenesteutvikling bør også fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør og samordnar styrkast. Regionråda bør revitaliserast og i større grad vere ein nøkkel til samarbeid på ulike tenestoområde og oppgåver over kommunegrensar.

Det er ønskeleg med større fullmakter når det t.d. gjeld vegforvaltninga slik at vi kan ta ansvar for å samordne oss regionalt og ha god dialog med kommunane i distrikta i Vestland. Det er viktig at regionale innspel til NTP og andre nasjonale planar blir vektlagd i stor grad.

Delar av utvalet si anbefaling om at kommunar legg til rette for leiar- og fagnettverk på prioriterte satsingsområde i eigen region kan løysast gjennom fylkeskommunen sine verkemiddel, og

fylkeskommunen har etablert fleire arenaer og ordningar for samhandling med kommunane, og kan byggje vidare på dette.

Til forslaget om tilrettelegging av offentlege innkjøp for å støtte lokalt næringsliv, viser fylkesrådmannen til at dette for fylkeskommunen sin del ligg i hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune, vedteken i fylkestinget 3. mars 2020 i sak PS 14/2020.

10.7 Program for utprøving av nye tiltak i distriktpolitikken

Fylkesrådmannen er positiv til utprøving av nye verkemiddel i distriktpolitikken, som har vore relativt uendra over mange år. Samfunnet og føresetnadene for distrikta er i endring, og då bør verkemiddelapparatet tilpassast dette. For å sikre god fordeling av kompetanse og ressursar, er det viktig at fylkeskommunane blir sentral part i gjennomføringa av programmet. Utforminga av programma og evaluering av desse må rettast inn på ein måte som tar i vare sosial berekraft.

10.7.2 Forsøk med begrenset førerkort for 16-åringar for å gjøre ungdom i distriktene mer mobile

Dersom førarkort for 16-åringar blir innført som eit prøveprosjekt, vil fylkesrådmannen presisere at det må ligge trafikkfaglege argument til grunn for denne endringa. Trafikktryggleik må vege tyngre enn omsynet til transportbehovet for ungdomar i distrikta. Statens vegvesen, Trygg Trafikk, Politiet, og Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund har kompetanse på føraråtfærd og føraropplæring. Fylkesrådmannen meiner at dei må vurdere følgane av at ein mellom anna mister modningstida som inngår i dagens mengdetrening med lærekøyring frå fylte 16 år.

10.7.4 Forsøk med saneringsstøtte mot fysisk forslumming

Utvalet sitt framlegg til tiltak som gjeld forsøk med saneringsstøtte mot fysisk forslumming støttar ikkje opp under ei berekraftig tilnærming og kan få negative følgjer for kulturmiljøfeltet. Om ein eventuelt skulle etablere ei ordning med saneringsstøtte bør denne få ei fagleg sikring ved at regional kulturmiljømynde eventuelt forvaltar ordninga.

10.7.5 Forsøk med flere desentraliserte enheter i statlige virksomheter for å oppnå økt statlig sysselsetting i distriktene

Fylkesrådmannen ser dette tiltaket som viktig for å oppretthalde/skape varierte og interessante arbeidsmoglegheiter ute i distrikta, men kunne ønske seg at utvalet var tydelegare på at statlege direktorat, m.v., i større grad *må* etablerast utanfor dei store byane.

Fylkesrådmannen saknar utvalet sine vurderingar av fylkeskommunen som stor bygningseigar og arbeidsgjevar, og skulle gjerne sett at utvalet såg dei strategiske moglegheitene og ressursane i fylkeskommunane. Vidaregåande skolar kunne t.d. danna utgangspunkt for kontorfellesskap og sambruksløyningar med andre offentlege aktørar.

Fylkesrådmannen har merka seg høyringsuttalen frå Stad kommune om «flytterett til eigen jobb» for statstilsette, og vil som stor regional arbeidsgjevar slutte seg til eit slikt forslag under føresetnad av at det er brei semje om tiltaket og aksept for at denne retten berre gjeld statlege arbeidsplassar i byane. Det blir viktig å unngå ei forventning om at søkjarar til offentlege stillingar i distrikta ikkje har oppmøteplikt på kontorstaden i distriktet.

10.7.6 Virkemiddeldugnad - oppfordring til høringsinstanser

Fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar og samspelet mellom det offentlege, næringsliv og innbyggjarar er sentralt i ein god distriktpolitikk.

Eit døme på ei satsing innafor lokalsamfunnsutvikling og innbyggjarmobilisering er LivOGLyst-programmet, som har vore aktivt sidan 2007. LivOGLyst er eit samarbeid mellom den regionale partnerskapen Vestland fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Statsforvaltaren i Vestland. Programmet er utforma som ei langsiktig satsing med trinnvis støtteordning og det er ein føresetnad at kommunane har ei aktiv rolle. Prosjekta medverker til innbyggjarinvolvering og levande lokalsamfunn som grunnlag for bulyst, god folkehelse og næringsutvikling.

Eit anna døme er «Gloppen-modellen» er utvikla som eit samarbeid mellom kommunen, fylkeskommunen, NAV og lokale bedrifter om målretta fagopplæring for minoritetsspråklege. Målet er å sikre rask og god fagutdanning som igjen kan føre til raskare varig arbeid og integrering. Så langt er det gjennomført fagopplæring innan t.d. helsefag, plast, kompositt og betong. Det er oppnådd gode resultat der kommunar og lokale private bedrifter får tilført fagutdanna personale. Modellen har vekt merksemd nasjonalt.